



Føresegner for klassifisering til kommunal veg.

Vedteke i formannskapet 26.08.04

Saksnr.	Løpenr.:	Arkiv	Dato
04/560	182/04	Q10	18.08.2004

Ved omklassifisering av privat veg til kommunal veg gjeld følgjande:

- 1 Berre vegar som tener bustader med heilårs busetnad kan overtakast.
- Vegen vert kommunal så langt den har funksjon som samleveg for minst 5 bustader.
- 2 Kommunen kan overta vegar eller delar av veg som har funksjon som samleveg og som tener institusjonar, skule, barnehage, biletgalleri eller tilsvarende.
- 3 Eigeomsrett til veggrunn med naudsynt grøft, mur, skjering, fylling og andre naudsynte installasjonar vert overdrege til kommunen.
- 4 Vegen skal vera bygd eller rusta opp etter teknisk norm for Vinje. Dette tyder mellom anna:
 - Total breidde på kommunal veg skal vera på min. 3,5 m.
 - Grøfter og stikkrenner med sandfang skal vera rett dimensjonert, reinska og fungere tilfredsstillande.
 - Det skal ikkje vera skog eller andre hinder for sikt etter vegen.
 - Vegen skal ha tilfredsstillande grøfter og areal for snøopplag.
 - Vegen skal ha bereevne som tener formålet.
- 5 Vegen skal ha tilstrekkeleg snuplass for brøytebil.
- 6 Før overtaking skal det haldast overtakingsforretning. Vegen vert ikkje overteke av kommunen før vegen er sett i stand etter disse reglane og naudsynte dokument er på plass.